



Jostein Legland med kurs for Gavlen for nokre dagar sidan. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ein uskedeling, Jostein Legland, driv framleis med brislingfiske og har "base" på Ljosnes. Måndag kveld klokka 20 opnar fisket i Hordaland og Rogaland, men Jostein ventar ikkje store fangstar i Hardangerfjorden.**

Ved fiskestarten befinn Jostein seg ved Norheimsund der uskedalen.no hadde kontakt med han ved middagstider måndag..

Der har han funne eit lite brislingfelt.

Brislingen er feilt og fin. Men det er ikkje mykje av han her i fjorden.

Då reknar Jostein med at forekomstane også i år er større i Sognefjorden og dit set han kursen etterpå. Han fekk 250 tonn i Sogn i fjor og der kjem han til å halda på til i midten av oktober, då han set han kursen mot Austlandet og ansjosfiske på slutten av sesongen.

- Det er ikkje noko bestemt kvote for brislingfisket. No er det fritt fiske og vi fiskar så mykje som mottaket kan ta, opplyser Jostein.

Distriktet rundt Uskedalen er ikkje noko fristande brislingområde.

Ein annan av dei få kvinnheringane som framleis driv den tradisjonsrike jakta på den vesle sildefisken er Arild Benjaminson på Halsnøy og han kan bekrefte utifrå prøvefisket inne i fjorden at mengdene er små men at brislingen er stor, feit og fin. Tidlegare var han freda til 28. mai. At fredningstida er flytta til 1. august meiner Arild er heilt rett.

- Då får brislingen i alle fall tid til å reprodusera seg, seier han til Kvinnheringen.

Arild leverte 100 tonn i fjor og han har voner om å greia det same i år. Prisane er akseptable: Kr. 5.50 pr. kilo levert til brønnbåt og Kr. 6,95 om ein leverer sjølv.

Men det er mykje styr og ekstra utstyr med brislingfisket og prisane kunne gjerne vore høgare. Dessuten er drivstoffgiftene fordobla på to år, påpeikar fiskaren frå Halsnøy.

Av Ola Matti Mathisen